



»»» INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE «««



BYGLANDSNYTT



Med hjarta i Bygland



BYGLAND KOMMUNE ØNSKJER EIN GOD 17. MAI!

**FRIGJERINGS DAGEN - 8. MAI
GRUNNLOVSDAGEN - 17. MAI**

LES MEIR - S. 7 «««

Bygland kommune deltek i den statlege Oppfølgingsordninga frå 2025 til 2028 for å styrkje kvaliteten i opplæringa, med særleg vekt på lesing og rekning i skulen.

KILDEN TIL BYGLAND 21. MAI

MERKETIDER MAI 2026:

- 8.mai: Frigjeringsdag - Markering ved Knutsbakk på Bygland (s. 15)
- 17.mai: Grunnlovsdagen! Festprogram for Bygland (s. 15)
- 15. mai: Søknadsfrist Transportteneste for funksjonshemma (TT-kort) (s. kommunens heimside)

»»» LES MEIR - S. 15

Bygland oppvekstsentera inviterar til 8. mai-markering og bygdefest på Byglandsfjord 17. mai

**BYGLAND MED I OPPFØLGINGS-
ORDNINGA FRÅ 2025 TIL 2028**

»»» LES MEIR - S. 9

Kilden teater syner "Kilden" av Gabriel Scott på Bygland kulturscene Bygland kultur





ORDFØRAREN SI SIDE

HELING FRÅ ORDFØRAREN



ORDFØRAREN I BYGLAND,
RUNAR GRANHEIM

Kjære alle saman!

Mai er ei fin årstid. Våren er her, det blir grønt i bygdene våre, og vi feirar og markerer arbeidardagen 1.mai, frigjeringsdagen 8.mai og grunnlovsdagen 17.mai.

Vi har mykje å vere takksame for, vi som bur i Noreg, og mykje vi ikkje må ta for gitt!

Fred, eit demokrati bygd på menneskerettane og eit trygt samfunn, med velferd i verdsklasse.

Og ytringsfridom. Ytringsfridomen var ein av menneskerettane som ikkje var gyldig under krigen.

Vi ser det i dag også rundt i verda, at ytringsfridomen er under press.

Å kjenne til historia vår er viktig. Eit kjent uttrykk seier at «den som ikkje hugsar historia, er dømt til å gjentake den». Dette uttrykket kan ein til dømes finne på ein murvegg i konsentrasjonsleiren Auschwitz. Difor er eg stolt av at 10.klasse på Bygland skule også i år reiser på tur til Polen og Tyskland for å lære om menneskerettane, kva som skjedde og kva som kan skje dersom menneskerettane blir brotne eller degraderte. Det er ein livsviktig dannelsesreise. 10.klasse reiser i saman med elevar frå Valle og Bykle.

Demokrati og menneskerettane blir framleis utfordra og brotne i verda rundt oss, det ser vi mellom anna på Gaza, i Libanon og i Sudan, der sivilsamfunna blir bomba og øydelagte i meiningslause krigar.

Vi må verne om menneskerettane, lære om dei og også hugse på vårt eige ansvar. Det handlar mellom anna om å ha respekt for kvarandre, respekt for ulik tru og ulike oppfatningar. Vi har det godt i Noreg, og vi har det godt i Bygland. Og i mai er vi kan hende på det vakraste.

Eg vil til slutt takke alle dykk som bidreg i det frivillige i Bygland kommune. Takk for at de bidreg til å skape gode møteplasser og aktivitetar og trivsel for oss. Ekstra takk til Frivilligsentralen og BUA. 8. mai skal vi åpne ein BUA-boksene i sjølveste Åraksbø, til glede for born og unge i bygda.

Eg ynskjer dykk alle ein god mai-månad.

Mvh Runar Granheim, ordførar i Bygland





OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

BYGLAND KOMMUNEHUS



- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00; **OBS! stengt 14.05.**

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER



- Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - **Legevakt tlf. 116 117**
 telefontider mandag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00
- BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND
 tysdag og torsdag kl. 08.00 - 15.00; **OBS! Stengt på 14.05**
(Himmelfartsdagen) og 21.05 (grunna intern møte)
 - EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE
 mandag - fredag kl. 08.00 - 15.00;

EVJE TANNLEGEKLINIKK



- Tilbod om tannbehandling får du på Evje tannklinikk.
 Evje tannklinikk: tlf. 37 93 01 95
 Nils Heglands veg 40, 4735 Evje (2. etasje til venstre)

FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND



- Bibliotekar: Mari Rygg, tlf. 945 22 025
 Vi har eit godt utval av bøker, tidsskrift, lydbøker og filmar for alle. Vi har òg Setesdølen og bygdebøkane Bygland gard & ætt.



På Bygland er det høve å sjå vikingutstillinga og kopi av Hylestadportalen. Du kan òg tinge vikingsmykke i biblioteket sine opningstider.

OBS! Folkebiblioteket er stengt 14. og 25. mai

BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 16, 4745 BYGLAND

- måndagar kl. 10.00 - 14.00
- onsdagar kl. 10.00 - 16.30
- torsdagar kl. 09.00 -12.30 og 14.30 - 17.30

BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD, STASJONSOMRÅDE, 4741 BYGLANDSFJORD

- måndagar kl. 16.30 - 19.00
- tysdagar kl. 9.00 - 14.30





POLITISKE MØTE - MAI 2026



- **Kommunestyremøte: 13.05. kl. 09.00**

Livestreaming av og lydfiler frå kommunestyremøte

Vi ønskjer å vere ein open og transparent kommune. Difor blir kommunestyremøta streama direkte. Du kan og finne opptak frå tidlegare møte under **Politikk og innsyn** på heimesida vår: **bygland.kommune.no**

KOMMUNALE LOKALE TIL LEIGE



Bygland kommune/Byglandstunet AS lyser ut eit sentralt næringslokale i Bygland sentrum.

Byglandstunet AS v/ Bygland kommune, lyser ut eit sentralt næringslokale i Bygland sentrum, rett ved sida av Joker-butikken. Lokalet blei nytta som frisørsalong og er tilpassa slik drift, men vi er opne for andre verksemder som kan passe inn i eit tilsvarende lokale og styrke tilbodet i sentrum. Både nye etableringar og etablerte verksemder som vurderer å flytte er velkomne til å søkje.

Les heile annonsen på Bygland kommune si heimeside. **Frist: Løpande**

Om du er ein eksisterande bedrift eller ei ny bedrift, kan du kontakte:

- Bygg Bygland v/ moglegheitsutviklar Gyro Heia, for å sjekke ut moglegheit for støtte til etablering; gyro.heia@bygland.kommune.no, mobil: 91717521.
- Dagleg leiar, Byglandstunet AS, Knut Olav Forgard; knut.forgard@bygland.kommune.no; mobil: 41 66 83 08

ANDRE NYHEITAR FRÅ SETESDAL

KJØRERUTER MOBILT PASS-/ ID-KONTOR (PASSBUSS) - SETESDAL, MAI OG JULI 2026

Oversikt over stoppesteder og datoer for passbussene.

Har du behov for nytt pass eller ID-kort? Då kan du bestille time for dette når passbilen kjem til Evje og Valle i mai 2026.

Den vil òg stå utenfor politistasjonen på Evje tirsdag, onsdag og torsdag i uke 30.

Du må bestille time på www.politi.no.

Bygland, Evje og Hornes politistasjon Verksvegen 4, 4735 Evje	6. mai: 08.00 – 15.30 7. mai: 08.00 – 15.30
--	--



REDAKSJONSNOTAT BYGLANDSNYTT NR. 81

Ansvarleg redaktør: Simon Ellingsberg - **Redaktør:** Susanne Hegenscheidt

Bilete: Framside: xx; Innhald (m.m. anna er spesifisert): A. Fauske, S. Hegenscheidt;

Kva skjer:xx, Bygland / Bygland kommune

Arkiv: bygland.kommune.no/byglandsnytt

Byglandsnytt juni 2026: 01.06.2026, skrivefrist 28.05.

Send tips til post@bygland.kommune.no - merknad: Byglandsnytt





RÅDET FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA

 **Aldring og helse**
Nasjonalt senter

Trygg på beina

10 grep for et aktivt og selvstendig liv



1 Hold deg i bevegelse!

Styrke- og balansetrening to ganger i uka reduserer fallrisikoen betydelig.



2 Legemiddelbruk.

Snakk med legen om medisiner du bruker, særlig hvis du føler deg ustø.



3 Kosthold.

Et variert kosthold rikt på kalsium og vitamin. Det er viktig for sterke bein. Unngå dehydrering.



4 Rusmidler.

Alkohol og andre rusmidler øker risiko for fall. Vær særlig forsiktig i kombinasjon med legemidler.



5 Beinskjørhet.

Snakk med fastlegen om ben-skjørhet ved risikofaktorer som tidligere brudd, overgangsalder, familiehistorie, underernæring, kortison, røyking og alkohol.



6 Velg riktig fottøy.

Bruk sko med sklisikre såler og god støtte. Unngå tøfler eller sko som lett sklir av.



7 Vinterføre.

Husk brodder eller piggsko på glatte vinterdager. Ha strøsand tilgjengelig ved utgangsdøren.



8 Sjekk syn og hørsel regelmessig.

Bruk briller med riktig styrke.



9 Ganghjelpemidler.

Har du bruk for ganghjelpemidler som krykker eller rullator, kan du ta kontakt med kommunen.



10 Sørg for et trygt hjem.

Ha godt lys i alle rom. Fjern snublefeller og fest løse teppekanter. Gode rekkverk i trapp, både inne og ute.



HELSE OG OMSORG

Mai – program på Byglandsheimen

DAG	DATO	KLOKKE	AKTIVITET
Onsdag	6/5	11:00	Open Dag
Tirsdag	12/5	14:00	Andakt
Onsdag	13/5	11:00	Open Dag
Onsdag	20/5	14:00	Open Dag – (Konsert Frode Moltemyr 16.00)
Tirsdag	26/5	14:00	Andakt
Onsdag	27/5	11:00	Open Dag
Torsdag	28/5	10:00	Evjetur

SAMFUNN

NYE REGLAR FOR PRIVATE SANDTAK

Grunneigarar med private sandtak må forholde seg til nye reglar rundt uttaket. Bygland kommune gir rettleiing til konsesjonssøknad.

Nye reglar for sandtak og massetak fokuserer på strengare miljøkrav, auka berekraft og strengare hand-tering av massar. Dette inkluderer krav om søknad for utlegging av sand i

strandsona, nye krav til tømning av sandfang, og overgang frå natursand til knust stein.

Drift krev ofte konsesjon og tydeleg merking av uttaksgrenser. Utan konsesjon må uttaket leggjast ned. For å forhindra det tek me forholdsreglar. Me ber alle grunneigarar med privat sandtak om å ta kontakt med Bygland kommune for rettleiing.

Kontakt: Prosjektlear Teknisk Thomas Patrick Salvesen Walther, tlf. 90 29 63 01




VEDLIKEHALDSARBEID PÅ SANDNESVEGEN OG ÅRAKSØVEGEN

Frå veke 18 og ut mai vil Bygland kommune utføre vedlikehaldsarbeid på Sandnesvegen og Åraksbøvegen. Vegane kan bli stengde for gjennomkøyring på kort varsel. Trafikantar må rekne med endringar i framkome og eventuelle omkøyringar. Kommunen ber publikum om å respektere anleggsarbeid, maskiner og skilting i området. Arbeidet blir utført for å forbetre standard og tryggleik på vegane.



STATUS VED OPPGRADERING AV PAKKBUA PÅ BYGLANDSFJORD STASJONSOMRÅDE

Innsida av Pakkbua på Byglandsfjord stasjonsområde er no førebudd slik at oppgraderingsarbeid inne kan starte. *Oppgraderinga skal både ta vare på det freda kulturmiljøet og leggje til rette for at bygget kan få ei utvida rolle som viktig møteplass for lokalsamfunnet.*



OPPVEKST

BYGLAND MED I OPPFØLGINGSORDNINGA FRÅ 2025 TIL 2028

Bygland kommune deltek i den statlege Oppfølgingsordninga frå 2025 til 2028 for å styrkje kvaliteten i opplæringa, med særleg vekt på lesing og rekning i skulen.

Bygland kommune er trekt ut til å delta i den statlege Oppfølgingsordninga i perioden 2025–2028. Bakgrunnen er resultat frå nasjonale prøver som viser låge resultat i lesing og rekning på 5. trinn. Oppfølgingsordninga er ei statleg støtteordning retta mot kommunar og skular som over tid har hatt utfordringar med elevanes læringsutbytte i grunnleggjande ferdigheiter. Målet er å styrkje kvaliteten i opplæringa gjennom systematisk og langsiktig utviklingsarbeid.

– Rettleiing gjennom oppfølgingsordninga er ei viktig moglegheit til å jobbe strukturert og systematisk med utvikling av skulane i Bygland kommune, seier kommunalsjef oppvekst og kultur Marit Jaabæk Brokke.

Ho understrekar at ordninga ikkje er ein kontroll- eller tilsynsordning, men eit samarbeid basert på støtte og tillit. Statsforvaltaren følgjer med og opp skuleeigar, samtidig gis det gjennom økonomiske støtteordningar mogelegheit for råd og rettleiing frå kompetansmiljø.

– Vi får tettare fagleg oppfølging frå statsforvaltaren og tilgang til kompetanse som skal hjelpe oss med analyse av leiing, utvikling og undervisningspraksis. Arbeidet tek utgangspunkt i skulane sine eigne behov og føresetnader, seier ho.

Fokus på lesing, rekning og heilskapleg utvikling

Eit sentralt mål i perioden 2025–2028 er å styrkje elevane sine ferdigheiter i lesing og rekning, særleg på mellomtrinnet. Samstundes blir utviklingsarbeidet gjennom oppfølgingsordninga sett inn i ein større samanheng i oppvekstsektoren.

– Vi ser Oppfølgingsordninga i tett samanheng med arbeidet vårt gjennom KS Kompetanse og programmet for heilskapleg leiing i oppvekstsektoren, seier kommunalsjef Oppvekst og kultur Marit Jaabæk Brokke.

Programmet har som mål å styrkje samanhengen mellom leiing, pedagogisk praksis og tverrfagleg samarbeid, og å bidra til betre vilkår for barn og unge si læring og livsmeistring.

– Grunnleggjande ferdigheiter som lesing og rekning er heilt avgjerande for meistring, motivasjon, vidare læring og utvikling. Målet er at alle fullfører vidaregåande opplæring og anna utdanning for å sikre mogelegheit for deltaking i arbeidslivet og styrke levekåra. Når vi samtidig jobbar med heilskapleg leiing, handlar det om å sjå barn og unge sin faglege utvikling, grunnleggjande ferdigheiter, trivsel og livsmeistring i samanheng, seier Brokke

Langsiktig arbeid for betre læringsutbytte

Deltaking i Oppfølgingsordninga inneber eit utviklingsløp over fleire år, der kommunen, skulane og statlege støttefunksjonar samarbeider tett.

– Målet er ikkje berre betre resultat på prøver, men å bygge robuste strukturar og ein sterk profesjonskultur som varer over tid. Det skal kome elevane i Bygland til gode, no og i framtida, avsluttar ho.



Fridagar på oppvekstsentera mai 2026: fre 1., tor/fre 14./15., og mån 25. mai.

OPPVEKST

INSTREMENTSPRØVEDAG MED MAIJA

I april fekk 1.- 4. klasse på Byglandsfjord besøk av kulturskulelærer Maija Lindaas til ein instrumentprøvedag. Ho hadde med seg både feler og langeleikar som elevane fekk prøve å spele på. Det var ein ettermiddag med god stemning og mykje musikk! Kanskje dette er framtidas spelemenn?

Alle bilete: Anne Elisabeth Terjesen/Byglandsfjord skule



TVERRFAGLEG PROSJEKT OM FUGLAR

3. og 4. klasse på Byglandsfjord har arbeidd med eit tverrfagleg prosjekt om fuglar. Det kickstarta på ein måte då mange av elevane hadde vore på Fuglekassekvelden på Bygland. Etter dette vellukka arrangementet hadde vi besøk av Knut Høgevold frå Fugleforeninga. Då var vi ute og hørte på fuglesong og fann ut kven som song. Elles har vi skrive, teikna, lest, perla og snekra fuglekasser. Prosjektet har vore både lærerikt og moro!

Alle bilete: Anne Elisabeth Terjesen/Byglandsfjord skule





KULTUR

**VINN ÅRSKORT FOR AUST- OG VEST AGDER SINE MUSEUM**

Bygland kommune gir fire gratis årskort til heldige vinnarar. Ver med i trekninga 7. mai.

Vil du vere med i ei trekning av 4 årskort som gir gratis inngang til Aust – og Vest Agder sine museum?

Døme på museum de får tilgang til:

Tingvatn fornminnepark i Hægebostad, Gimle Gård i Kristiansand, Kuben i Arendal, Sjøfartsmuséet og Hamsun-muséet i Grimstad og mange fleir.

Årskortet gir 50% rabatt på tur/returbilletter på Setesdalsbanen. Årskortet gjeld for 2 vaksne + inntil 3 barn. Send en mail om du vil vere med i trekninga:

ann.cecilie.andersen@bygland.kommune.no

KILDEN TEATER INVITERER TIL TEATERKVELD MED GABRIEL SCOTTS "KILDEN"

Bygland kuturscene, torsdag 21. mai kl. 18.00

Sørlandsforfatterens mest berømte og folkekjære verk Få diktere klinger dypere i landsdelen vår enn Gabriel

Scott. Og få verk har hatt større betydning for både hans forfatterskap og ettermæle enn Kilden, eller Brevet om fiskeren Markus. Den korte romanen om mennesket i møte med naturen – og det åndelige potensialet dette rommer – har blitt en av norsk litteraturhistories mest elskede fortellinger. I vår tid, preget av klimaendringer, er den fortsatt like aktuell.

**MUSIKK PÅ BYGLAND**

Kong Hanes Eftf. Korøving: onsdagar kl. 19-21, musikkrom på Bygland skule

Bygland Hornmusikk: Korpsøving: tysdagar kl. 18-20, Bygland kulturscene

Bygland leikarring, Folkemusikk for dei yngste: måndagar kl. 16-16.30, Bygland ungdomsklubb

**>>> BJOREN BRYGGE**

Kafé, ølhage, live musikk

Adresse: Presteneset 12, 4745 Bygland

Kontakt: Nina Bygland, tlf. 932 62 168;

på FB: bjorenbrygge
Rett ved Byglandsfjorden!

SETESDALSMUSEET UTSTILLINGSOPNING 31 MAI 2026 KL. 14:00.

Velkomen til opning av utstillingane

«Se bestemor! Vi danser sammen» og «Løyni – mellom hender»

Det blir servert setesdalssuppe.

- [Setesdalsmuseet](https://setesdalsmuseet.no), Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad; setesdalsmuseet.no



BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

BYGLAND KYRKJELEGE FELLESRÅD

Sentrum 18, 4745 Bygland; bygland.kyrkje.no og FB

Prestvikar: Inge Berg Pettersen og Anne Bjørnholmen Øvansen

Kyrkjeverje: Anne Synnøve Ropstad: 90 91 66 64

Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159



- **Gudsteneste**

- 17.05. kl. 11.00 17. mai-gudsteneste i Årdal kyrkje, Grendi
- 31.05. kl. 13.00 Konfirmasjon i Årdal kyrkje, Grendi

- **Andakt på Byglandsheimen:**

- tysdag 12. og 26.05. kl. 14.00

- **Soknerådsmøte:** måndag 01.06. kl. 18.00, Kyrkjekontoret

- **Treff: Herre café.** Eitt uformelt treff kun for herrar for å treffe andre og få seg litt luft. Lett servering & kaffe. tysdag 05. og 19.05. kl. 12.00 -15.00, Bjoren Brygge, Prestneset, Bygland



DUGNADER PÅ KYRKJEGARDANE I BYGLAND 2026

- Bygland kyrkjegard: mån 04.05. kl. 17.00
- Årdal kyrkjegard, Grendi: tys 05.05. kl. 17.00
- Austad kyrkjegard, Tveit: ons 06.05. kl. 17.00
- Austad gamle kyrkjegard, Austad: tor 07.05. kl. 17.00
- Sandnes kyrkjegard, Sandnes: mån 11.05. kl. 17.00
- Åraksbø kyrkjegard, Åraksbø: tys 12.05. kl. 17.00




Ta med rive, trillebår og annat nyttig utstyr.

Etter arbeidsdelen kjem kosedelen av dugnaden: Me tek ein kaffiprat i kyrkjebakken. Ta med litt kaffi og bakst.

KONSERT ELVIS GOES TO CHURCH

Velkomen til konsert "Elvis goes to church" med Ole Jonny and The Kingsmen, Bygland kyrkje, 2. mai kl. 19.00
Bandet heiter Ole Jonny and The Kingsmen og består av fem godt vaksne menn, busett i Gudbrandsdal. Nærare bestemt i Sel kommune i Nord-Gudbrandsdal.

Elvis goes to church, inneheld låtar frå Elvis sine gospelplater og bandet spelar dei på viset sitt, utan å etterlikna Elvis på nokon måte.



KYRKJEBLADET 1/2026

Det nye kyrkjebladet ligg ut på nettet: bygland.kyrkje.no





BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND

Besøksadresse: Prestneset 2, 4745 Bygland

Postadresse: Sentrum 18, 4745 Bygland

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no; bygland.frivilligsentral.no

Leiar: Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70

Foreningsportalen: bygland.foreningsportal.no



Opne aktivitetar

- BUA Bygland (utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka
- Innsats for andre, valfag for 8. klasse: Kan tilby praktisk hjelp heime.

Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland

- Måndagscafe: måndagar i oddetalsveker kl. 12.00 - 14.00 (ikkje 25.05)
- Bygdemiddag: tysdagar i oddetalsveker kl. 16.00 - 17.30 (siste 05.05)
- Bingo: tysdagar i partalsveker kl. 18.00 -20.00 (12.og 26.05.)
- Strikkecafé: til vanleg 1. og 3. torsdag i månaden kl. 18.00 - 21.00 (07.+ 21.05.)

Aktivitetar i Byglandshallen

- Styrketrening i Byglandshallen: kvar torsdag kl 13.00 - 14.30 (ikkje 14.05.)
- Teppebowls: torsdagar i oddetalsveker kl. 16.30 - 18.00 (siste 07.05.)

Aktivitetar andre plasser

- Seniorsenter: annakvar måndag, kl. 11.00 - 14.00 – Grendi skule, Grendi
- Bygland Mekkeklubb: måndagar kl. 17.00 - 20.00, Nesmoen 3, Bygland (ikkje 25.05.)

BYGLAND UNGDOMSKLUBB

Klubbleiar: Kim Andre Nomeland Thorstensen, tlf. 984 69 989

Bygland ungdomsklubb, Sentrum 24, 4745 Bygland

- Måndagar: Juniorklubb (5 - 7 klasse; kl. 15.00 -17.45)
- Onsdagar: Ungdomsklubb (8 klasse - 3. vgs; kl. 18.00 - 21.00)
- Fredagsklubb i Årdalshallen, Byglandsfjord: 5.-7.trinn (kl. 18.00 - 21.00; 1x/månad); **08.05.**

Følg elles med på Bygland ungdomsklubb si FB-gruppa for arrangement.

Med etterhald om endringar, v/ Husstyret og klubbleiar



BYGDEMIDDAG PÅ FRIVILLIGSENTRALEN: PASTA BOLOGNESE

Tysdag 5. mai kl. 16-17.30 blir det servert siste bygdemiddagen før sommen. Hugs å tinge **innan kl. 12.00 måndag 04.05.** hos **Solveig**, tlf. 95723296.





BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND

BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL FÅR 300 000 KRONER TIL «NOKO GØY I SOMMAR!»

Bygland Frivilligsentral som er eigd av Bygland kommune har fått bevilga 300 000 kroner i støtte frå Gjensidigestiftelsen til prosjektet «Noko gøy i sommar!».

Midlane skal nyttast til å gje ungdom i Bygland sommarjobb i BUA Bygland, der dei sjølve bidreg til å skape aktivitetar og gode opplevingar for andre barn og ungdom i sommarferien. Prosjektet skal både leggje til rette for meningsfulle sysselsetjing for ungdom og sikre fleire inkluderande fritidstilbod lokalt. Støtta frå Gjensidigestiftelsen gjer det mogleg å setje i gang aktivitetar som styrkjer fellesskap, trivsel og engasjement blant barn og unge i kommunen gjennom sommaren.

Bygland kommune og Bygland Frivilligsentral er svært takksame for tildelinga og ser fram til å gjennomføre prosjektet i samarbeid med ungdommane.

Sommarjobb for ungdom er viktig både for den enkelte og for lokalsamfunnet. Gjennom «Noko gøy i sommar!» får ungdom i Bygland høve til å tene egne pengar, få ei første innføring i arbeidslivet og skaffe seg verdifull erfaring å føre opp på CV-en.

Aktivitetstilbodet til barn og unge i deira sommarferie, er særleg viktig for dei som ikkje har høve til å reise bort i ferien, og bidreg til å skape inkludering, meistring og tilknytning til nærmiljøet. Ikkje minst skapar det utøving av fysisk aktivitet, noko som bidreg til god folkehelse.

BUA Bygland og Bygland frivilligsentral er i ferd med å sette opp eit flott sommarprogram for barn og ungdom i Bygland frå klasse 1-10. Aktivitetar skal ta til i vekene 26-28.

Stad: Prestneset, Bygland; Vassend, Byglandsfjord

Me har 4 flotte ungdom som skal jobbe for at barn og unge skal ha ein fin sommar!
Takk til Agder fylkeskommune

Noko gøy i sommar:

BUA Bygland vil tilby sommaraktivitet for barn og ungdom onsdag-fredag i veke 26, og kvar vekedag i vekene 27 og 28.

Alle aktivitetar er gratis

Dei vert på Prestneset og ved Vassend. Detaljert plan og påmelding kjem!

I tillegg vert BUA open for drop in kvar dag i denne tida

HELLO SUMMER

SO MUCH FUN

BUA BYGLAND

Alder: 1-10 klasse
OBS: aktivitetar på vatn er berre for 4 klasse og oppover



OPNINGSFEST - BUA BOKS BYGLAND

fredag 8. mai kl. 16.30 på grendehuset i Åraksbø, Gardelene 2.

Det blir gratis popcorn, sukkerspinn, pølse, kake, kaffi.

Ordfører i Bygland kommune, Runar Granheim, klypper snora. Velkommen alle!

BUA Bygland tek i bruk tre BUA bokser og skal leige ut sportsutstyr ved enkel app-løysing på tre ulike plasser i Bygland. BUA boksene skal me feire med opningsfest i Åraksbø 8. mai.

Boksane skal stå på følgande lokalsjonar: Årdalshallen på Byglandsfjord, Byglandshallen på Bygland og Åraksbø grendehus i Åraksbø.

Takk til Dam stiftelsen og Bygg Bygland som støtter oss i dette.



TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

SØPPELTØMING - MAI 2026

- Matavfall og glass/metall: veke 20: **måndag 11.05.**
- Papir og plast: veke 20: **tysdag 12.05.**
- Matavfall og restavfall: veke 22: **torsdag 28.05.**



GJENVINNINGSTASJONER


- Nesmoen, Bygland: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00–18.00 (13.05.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (23.05.)
- Syrtveit, Evje: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00–19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (09.05.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS, e-post: post@smg-iks.no; heimeside: smg-iks.no, tlf. 901 94 724

KORLEIS FÅR DU NYE SØPPELPOSER?

Ønskjer du nye matavfallsposer eller sekker for returplast, hugs å knytte ein slik pose/sekk på dunken ved neste tøminga.

Sjåførane til Setesdal Miljø & Gjenvinning legger da igjen ei ny pakke til deg, med mindre søppelbilen er tomme for nye poser/sekker.



KINO PÅ BYGLAND KULTURSCENE - MAI

BYGDEKINOEN

ONSDAG 20. MAI

KL. 17.30: SAUEDETEKTIVENE

6 år. 110 kr. Animasjon

KL. 19.30: THE DEVILS WEARS PRADA 2

Tillatt for alle. 130 kr. Komedi



BYGLAND FILMKLUBB

SUNDAG 24. MAI

KL. 18:00: NORKSE BYGGEKLOSSER (1972)



YMSE

TURISTINFORMASJON PÅ BYGLAND I STOGA KAFÉ

Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 906 65 459

Stoga A/S leverar turistinformasjontenesta i Bygland.

Her får du informasjon og turtipps, kaffe og snacks. Stoga

arrangerer også kulturarrangement, og guida turar på førespurnad

Vert og guide: Olav Grendstad. Ope fredag/sundag kl. 13 - 20



**BARN**

- **FamilieKRIK torsdagar i partallsveker fra kl 16.00-17.00 i Byglandshallen.**
Det er for barn 2-6 år i første omgang.
- **Byglandsfjord barnekor:** måndagar i oddetalsveker kl. 17.00 -18.00, Fredheim bedehus (siste 4. mai)

DUGNAD**DUGNAD PÅ TANGEN**

28.04. arrangerte Framsteg 4h og Bygland idrettslag dugnad for å gjere stranda, Tufteparken og heile området på Tangen klart for sesongen. Over 50 oppmøtte. Born, vaksne og ein flokk KVS elevar raka ihop og kørde bort to dumperhengarar med lauv og mykje rart. - Etterpå vart det bålpanne og grilling. Takk for innsatsen alle saman!!!

**DUGNAD PÅ BYGLAND TRIATLON 18. JULI**

Bygland IL treng frivilljuge!

Kan du bidra med foto, vakthald på matstasjon, sikkerheit, rigging eller liknande?

Gå på Bygland IL si Facebookside og fyll ut skjemaet!

**TERRENGKARUSELL PÅ KVS BYGLAND 05. MAI**
Velkommen til terrengkarusellen på KVS Bygland!

Start Kl. 1800- Påmelding frå kl 1700.

Det serveres vafler og kaffe.

Startkontigent ; Kr. 50- Familie Kr.100.

Løypeoversikt og gjennomgang ser du på arrangementsiden på Bygland IL si Facebookside.

**BYGLAND MÅLLAG OG KONG HANES EFTF.****SONGVELD MED VÅRLEGE TONAR**

Dato: 06. mai kl. 19.00

Stad: Bjoren Brygge, Bygland

Kom, høyr og syng saman med oss!

Vi serverar Ninas kyllingsuppe m/ focaccia og kaffi.

Fri inngong og mat.

Songkveld med vårlege tonar
Kom, høyr og syng saman med oss!
Bygland Mållag og Kong Hanes eftf.
Vi serverar Ninas kyllingsuppe m/focaccia og kaffi

6.mai 2026
Klokka 19:00

Bjoren Brygge
Presteneset 12
4745 Bygland
Fri inngong og mat



FRIGJERINGS DAGEN OG GRUNNLOVSDAGEN

FRIGJERINGS DAG

PROGRAM 8. MAI-MARKERING BYGLAND SKULE

- Toget går frå skuleplassen kl. 09.30 til Knutsbakk.
- Tale ved bautaen av Jenny Feed Lunden og Ida Marie Frøysnes Emblemsvåg.
- Vi legg ned blom og alle er stille i eitt minutt.
 - Alle syng første vers av «Ja vi elsker».
 - Elevrådet arrangerer natursti på vegen tilbake til skulen.
 - Is og leik på skuleplassen.

Velkomen alle!



17.MAI-FEIRING, BYGLAND KOMMUNE



- 07.00:** Skramletog, Byglandsfjord: oppmøte ved leikeplassen på Hampetjønn (til fots, sykkel, sparkesykkel).
- 08.00:** Skramletog, Bygland: oppmøte ved Tappen (bil).
- 09.30:** Tog frå Setesdølen opp til Byglandsheimen. Korpset spelar. Tale ved Svein Kleivane.
- 11.00:** Gudsteneste i Årdal kyrkje, Grendi.
- 11.45:** Kransenedlegging, baute ved Årdal kyrkje. 10.klasse held tale. Korpset spelar.
- 12.00:** Folketog frå Lokstallen til Årdalshallen. Korpset spelar.
- 13.00:** Matsal, natursti og leikar startar.
- 14.00:** Tale for dagen ved Anne Fauske. Utdeling av Kulturprisen. Musikalske innslag
- Avslutning:** Tautrekking og premieutdeling

Gratulerer med dagen!



KVA SKJER I BYGLAND

MAI 2026

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)

GOD 17. MAI!



DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	KVA SKJER
fredag 01.05. Arbeidardagen	Senum tråvbane	kl. 13.00	Lokalkjøring i Setesdal
laurdag 02.05.	Bygland kyrkje	kl. 19	Konsert: Elvis Goes to Church
fredag 08.05. Frigjeringsdagen	Bygland oppvekstsenter; Knutsbakk, Bygland	kl. 09.30	Markering ved Knutsbakk, Bygland (sjå s. 15)
fredag 08.05.	BUA Bygland; Åraksbø grendehus	kl. 16.30	Opningsfest for BUA Boks Bygland
tysdag 12.+26.	Byglandsheimen	kl. 14	Andakt
sundag 17.05. Grunnlovsdagen	Bygland kommune	kl. 07-15	17.mai-fest (sjå s. 15)
onsdag 20.05.	Byglandsheimen	kl. 16.00	Konsert: Frode Moltemyr
onsdag 20.05.	Bygdekinoen; Kulturscena	kl. 17.30	Film: Sausedektivene
onsdag 20.05.	Bygdekinoen; Kulturscene	kl. 19.30	Film: The Devil Wears Prada 2
sundag 24.05.	Bygland filmklubb, Kulturscena	kl. 18	Film: Norske Byggeklusser
torsdag 21.05	Kilden teater, Bygland kulturscene	kl. 18	Kilden av Gabriel Scott
sundag 31.05.	Årdal kyrkje, Grendi	kl. 11	Konfirmasjonsgudsteneste

Arrangement i regi av Bygland frivilligsentral (t.d. Bygdemiddag) og Bygland ungdomsklubb: s. 11